



STORD
KOMMUNE



Retningslinjer for utsett skulestart i Stord kommune



Retningslinjene er vedtekne administrativt og gjeld frå 1. januar 2013

Barn som kan få innvilga utsett skulestart

- Barn som med eitt år ekstra i barnehagen vert vurdert til å kunna greia seg utan eigen opplæringsplan (IOP) ved skulestart. Jamfør opplæringslova §2.1

Barn som ikkje bør få utsett skulestart

- Barn med store og varige funksjonshemmingar og vanskar
- Barn som vert vurdert til å ha behov for spesialundervising og individuell opplæringsplan (IOP) som erstattar gjeldande læreplan for skule gjennom heile skulegangen

Jamfør opplæringslova §1.3

Hovudregel søknadsfrist for utsett skulestart

- 20. januar

LOVGRUNNLAG

Ifylgje opplæringslova §1.3 skal opplæringa vera tilpassa evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven.

Opplæringslova §2.1, tredje ledd, omtaler utsett skulestart:

”Grunnskuleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år. Dersom det etter sakkunnig vurdering er tvil om barnet er komme tilstrekkeleg langt i utviklinga si til å starte i skolen, har barnet rett til å utsetje skulestarten eitt år dersom foreldra krev det. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunen i særlege tilfelle vedta å utsetje skulestarten eitt år.”

Opplæringslova seier at eit barn har rett til utsett skulestart i eitt år når fylgjande vilkår er oppfylt:

- Føresette krev det
- Ei sakkunnig vurdering konkluderer med at det er tvil om barnet har kome tilstrekkeleg langt i utviklinga si til å byrja på skulen
- Gjeld berre i særlege tilfelle

Barnehagen og PPT har ansvar for å orientera og rettleia føresette om alternativa slik at dei har eit godt grunnlag for valet dei tek vedrørande skulestart.

Føresette må få orientering om opplæringstilbodet skulen kan tilby, jamfør Opplæringslova, § 1-3, fyrste ledd. Tilpassa opplæring og tidleg innsats:

”Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidatane.”

KVEN GJER KVA

Spørsmål om utsett skulestart kan takast opp av føresette, tilsette i barnehagen, spesialpedagog eller sakshandsamar hjå PPT.

Føresette

- Føresette tek spørsmålet om utsett skulestart for barnet sitt opp med barnehagen.
- Barnehagen og føresette tek så spørsmålet opp med rektor ved aktuell skule og PPT dersom barnet er tilvist.
- Dersom barnet ikkje er tilvist PPT, og føresette framleis er usikre etter å ha drøfta spørsmålet om utsett skulestart med barnehage og rektor, kan spørsmålet takast opp i Tverrfagleg møte i barnehagen, der PPT er representert. Dersom føresette ynskjer det, kan rektor også delta på møtet.
- Dersom føresette vel å søkja utsett skulestart for barnet sitt, tilviser dei barnet til PPT på vanleg måte, fortrinnsvis via barnehagen, med ynskje om sakkunnig vurdering knytt til utsett skulestart.
- Føresette søker den aktuelle skulen ved rektor om utsett skulestart og legg ved sakkunnig vurdering frå PPT.
- Dersom søknaden vert avslått, kan føresette klaga på vedtaket. I klaga gjev ein greie for kva ein vil ha endra og grunngjev dette. Klaga skal sendast til rektor.
- Fristen for å klaga er tre veker frå ein mottek vedtaket.
- Dersom klagen ikkje vert imøtekomen, kan ho sendast vidare til fylkesmannen.

Barnehagen

- Ved spørsmål om utsett skulestart kontaktar tilsette i barnehagen styrar og eventuelt barnet sin spesialpedagog om dette.
- Dersom barnehagen meiner det er grunnlag for å vurdera utsett skulestart nærmare, tek barnehagen spørsmålet opp med føresette, rektor på aktuell skule og PPT dersom barnet er tilvist.
- Dersom barnet ikkje er tilvist PPT, og føresette framleis er usikre etter å ha drøfta utsett skulestart med barnehage og skule, kan spørsmålet takast opp i Tverrfagleg møte der PPT er representert. Dersom føresette ynskjer det, kan rektor også delta på møtet.

PPT

- PPT kan på eige initiativ ta opp spørsmål om utsett skulestart med føresette og barnehage der barnet alt er tilvist PPT og dei har god kjennskap til barnet.
- PPT har ansvar for å gje føresette rettleiing om utsett skulestart slik at dei har eit godt grunnlag for å ta eit val. Det må orienterast om plikta skulen har vedrørande tilpassa opplæring.
- PPT skal skriva ei sakkunnig vurdering knytt til utsett skulestart dersom føresette vel å søkja om dette.

Skulen

- Rektor på aktuell skule deltek på møte i barnehagen og hjå PPT vedrørande utsett skulestart.
- Rektor gjer vedtak på søknad om utsett skulestart.
NB: Dersom søknaden vert imøtekomen, sender rektor melding til kundetorget om dette.

Vurdering av utsett skulestart

Barnet sitt behov og nivå må vera dokumentert. Vurderinga må byggja på oppdatert informasjon. Den sakkunnige vurderinga må så langt som mogeleg beskriva kva barnehagen kan tilby ved utsett skulestart samanlikna med eit tilpassa opplæringstilbod i skulen. Forhold som gruppestorleik, aldersfordeling, opphaldstid, organisering av tilbod i barnehage og skule, SFO – tilbod, med meir skal omtalast.

Ein føresetnad for utsett skulestart er at barnet har eit barnehagetilbod. Dette bør presiserast i sakkunnig vurdering. Dersom barnet har spesialpedagogisk hjelp etter Opplæringslova § 5-7, bør det også vera ein føresetnad at dette held fram.

Spørsmål ein skal vurdere:

- Kva er grunnen for å søkja om utsett skulestart?
- Kva kriterium ligg til grunn for å tenkja utsett skulestart?
- Kva skal skulen tilby barn som skal byrja på skulen og kva er tilpassa opplæringstilbod for det aktuelle barnet?